



TEMAPLAN FOR KULTURARV

Kulturarvstrategi for Ulvik herad 2019 - 29



Ulvik herad - Perla i Hardanger



KJÆRE ULVIKJE

Eit sverd representerer makt, autoritet, styrke, mot, fordelar og ulemper, og symboliserer behovet og gjennomslag for vern. Framsidebiletet syner eit sverd funnen i ei bergsprekke på Lekve (Sæberg) i Ulvik på 1800-talet.

Avbildinga av sverdet er ein kopi av originalen som vart funnen på Lekve. Originalen er eit Mindelheimsverd (Hallstattsverd) og vart laga ein gong mellom 700-500-talet fvt. i Hallstatt i Austerrike. Det er det einaste av sitt slag funnen i Noreg og er eit prakteksempel på kulturminne frå Ulvik.

Kulturarvplanen for Ulvik herad er eit resultat av nasjonal, regional og lokal satsing. Den varierte oversikta og kompetansen knytt til fagfeltet i landets kommunar var grunnlag for at Riksantikvaren starta prosjektet «Kulturminne i kommunen». Målet med prosjektet er at 90% av kommunar skal ha stadfesta eigne kulturminneplanar innan 2020.

Allereie i 2013 vart arbeidet med kulturarvplan for Ulvik herad starta opp. Det vart søkt midlar frå fylket til arbeidet og ein fekk kr 100 000 i 2014 og kr 100 000 i 2015, til saman kr 200 000. Mål for arbeidet var å auke kunnskapen om den lokale kulturarven. Som del av satsinga vart ekstern ressurs leigd inn til å registrere nye kulturminne i 2016. I 2019 vart same ressurs leig inn til å fullføre temaplanen. Arbeidet med kulturarvplanen er ført i pennen av arkeolog Anja Haugland Svingen med god hjelp frå kulturkonsulent Anne Marit Lekve og kulturvitar Espen Drønen Eide.

Kulturarvplanen for Ulvik herad vart godkjent i heradstyret 12. juni 2019 etter ein omfattande prosess der mange har delteke. Særleg stor takk til arkeolog Anja Haugland Svingen, kulturkonsulent Anne Marit Lekve, kulturvitar Espen Drønen Eide, tilsette i administrasjonen, Ulvik sogelag og andre frivillige. Takk for alle bidrag!

Temaplanen er eit levande dokument som dokumenterer kvardagen vår omgitt av kulturminne. Eg vonar du som innbyggjar kan ha nytte og glede av denne planen, og at den kan gjeve oss inspirasjon til å sjå kulturarven som eit viktig grunnlag for lokal samfunnsutvikling. At Mindelheimsverdet slik illustrerer eit felles arbeid med beskyttelse av kulturminna og kulturarven for heradet!

Med vennleg helsing



Hans Petter Thorbjørnsen
Ordfører

Foto framside: Fotograf Gry Senderud

Formgjeving framside: Frode Halvorsen

INNHALD

Innleiing	5
Kulturminne som kulturarv - omgrepsforklaringar	6
Plangrunnlag	6
Lover	6
Nasjonalt nivå	7
Regionalt nivå	7
Lokalt nivå	7
Registrering av kulturminne	7
Ansvar for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø	8
Tilskotsordningar	8
Kulturminnefondet	8
Hordaland Fylkeskommune	9
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	9
«Ta et tak»-aksjonen	9
Tilskot til sogelag/ historielag	9
Lokale stiftingar	9
Sparefond	9
Ulvik i eit historisk perspektiv	11
Steinalder	11
Bronsealder	12
Jernalder	12
Vikingtid	12
Mellomalder	12
Nyare tid	13
Kulturminne og kulturmiljø i Ulvik herad	16
Arkeologiske kulturminne	16
Bautastein	17
Bergkunst	17
Gravrøyser	17
Gardsbygg, bygningar og tun	19
Handel, handtverk og industri	23
Immaterielle Kulturminne	26
Bunad	26
Segn	27
Stadnamn	27

Tradisjonar	27
Krigshistorie	29
Kulturmiljø	31
Kyrkjarahistorie	33
Lause kulturminne	35
Spor etter samiske kulturminne	37
Vegnett	39
Kjelder	41
Tabell	41
Foto	41
Digitale kjelder	42
Lokalhistorisk litteratur	43
Tilrådd litteratur for vidare lesing	45
Vedlegg: Handlingsplan	52
Vedlegg: Liste over automatisk freda kulturminne i Ulvik	53
Vedlegg: Liste over viktige kulturminne/ -miljø i Ulvik	59
Vedlegg: Kart over kulturminne/ -miljø i Ulvik	61

DEL1

INNLEIING

Utsikt ut Ulvikfjorden
Foto: Reinhold Kager

INNLEIING

Ulvik er eit fjord- og fjellherad som omfamnar områda kring to sidearmar innst i Hardangerfjorden: Ulvikfjorden og Osafjorden, samt høgfjellsområdet der mellom anna Hallingskeid og Finse ligg. Ulvik vart godkjent som Cittaslowbygd i 2015, som er forankra i heradet med eit Cittaslowråd. Cittaslow handlar om å bevare identiteten i vår lokale kultur. Heradet skal ivareta kulturarven, samt vera ein stad for mangfald, opplevingar og utvikling.

Det er eit nasjonalt mål at tap av verneverdige kulturminne skal minimerast, at prioriterte freda kulturminne (arkeologiske kulturminne, bygningar, anlegg og fartøy) skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå til 2020, samt at eit utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Kulturminne i kommunen (KIK) er eit prosjekt i regi av Riksantikvaren for å styrke kompetansen om kulturminne i kommunar og få betre oversikt over verneverdige kulturminne. Målet er ei kunnskapsbasert, målretta og effektiv kulturminneforvaltning. Prosjektet legg til rette for dette gjennom arbeid med kommunal kulturminneplan. Ulvik herad sin kulturarvplan gjev difor ei oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø, og inneheld ein plan for forvaltning av desse. Planen gjev kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminne ein vil ta vare på i framtida. Å vidareføre kulturarven er ei investering for framtida og kan nyttast som grunnlag for næringsutvikling, kunnskap, og oppleving i lokalsamfunnet, samt bidra til å skape ei attraktiv bygd.

Som resultat av dette har Riksantikvaren løyvd kr. 100 000 i 2014 og 2015 (til saman kr. 200 000) til arbeid med kulturarvplan for heradet.

Hovudføremålet med denne temaplanen er at kulturarven i Ulvik herad skal bli forvalta på best mogleg måte. At den blir ivaretatt som dokumentasjon av fortid og samtid, og som ressurs i notid og for framtida. Det ettersom kulturarv er eit viktig grunnlag for verdiskaping og identitetsbygging i heradet. Planen er såleis eit overordna styringsreiskap for heradet sitt ansvarsområde i høve forvaltning av kulturarven. Den tek stilling til overordna føringar og gjer sitt i å realisera nasjonale målsetjingar ved å forankra dei i lokalsamfunnet. Planen skal skape grunnlag for heradet sitt samarbeid med grunneigarar og det frivillige kulturminnearbeidet som spelar ei viktig rolle i forvaltinga av kulturarven.

Temaplanen er tredelt. Fyrste del er eit innleiande kapittel om mål og bakgrunn for plan, omgrepsforklaringar, grunnlag for vern av kulturminne og kulturmiljø, og kven som vernar, samt informasjon om ulike tilskotsordningar. Del 2 omhandlar typiske og særegne trekk ved Ulvik si historie frå steinalder og fram til no. Del 3 omhandlar kulturminna og kulturmiljøa heradet meiner er viktige. Det vil ikkje seie at andre kulturminne eller kulturmiljø ikkje er viktige, men at det er desse heradet rettar lys på i 2019. Dette kan endrast ved revidering om fire år, eller før skulle heradet ynskje det. Avslutningsvis har planen kjeldeliste, handlingsplan, liste over kulturminne og kulturmiljø, samt kart over heradet som syner både freda kulturminne og kulturmiljø, og andre kulturminne som ikkje er freda.

Temaplanen inneheld hyperkoblingar. Det vil seie direktelink til relevante nettstadar. Hyperkoblinga er merkt med grå skrift og understreking. Trykk på denne for vidare lesing, eller sjå kjeldelista for fullstendig litteraturoversikt.

KULTURMINNE SOM KULTURARV - OMGREPSFORKLARINGAR

Kulturminnelova (Lov-1978-06-09-50) definerer eit **kulturminne** som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokaliteter det er knytt historiske hendingar, tru, eller tradisjonar til. Ein skil mellom **lause** og **faste kulturminne**. Eit laust kulturminne er flyttbart, medan eit fast kulturminne er jord- eller stadfast. Gjenstandar inngår som del av eit fast kulturminne om det ligg i jorda, eller er under vatn. Ein skil også mellom **synlege** og **ikkje synlege kulturminne**. Dei ikkje synlege kulturminna er gjerne gøymd under bakken, som til dømes spor etter ein steinalderbustad. Vidare skil ein også mellom **materiell** og **immaterielle kulturminne**. Immateriell kulturminne er knytt til det ein ikkje kan ta på ved eit kulturminne, altså tankar, handlingar og lyd knytt til kulturminna. Eksempel her er handlingar, soger, ulike formar for dans, musikk, samt kunst og handtverk.

Når eit eller fleire kulturminne er del av ein større heilskap, område eller samanheng omtalar lova dette vidare som eit **kulturmiljø**.

Kulturarv er samlenamn for materiell og immateriell kultur. Ein plan for kulturminne inneheld oversikt over viktige kulturminne (faste, lause, synlege, ikkje synlege, materielle og immaterielle) og kulturmiljø. Ulvik herad omtalar difor kulturminneplanen vidare for **kulturarvplan**.

I arbeid med bevaring av kulturminne og kulturmiljø vert omgrepa verneverdig, vern og freda mykje nytta. Eit **verneverdig kulturminne** har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei mest verneverdige kulturminna har nasjonal verdi og vert freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også vere av regional og lokal verdi, og då er det kommunar som normalt sikrar vern gjennom plan- og bygningslova. Det er også mogeleg å markere eit kulturminne som verneverdig ved listeføring. Dei fleste verneverdige kulturminna vert tekne vare på fordi dei er av verdi for eigarar og brukarar, og er ikkje formelt verna etter kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Eit **vern** omfattar å verne eit kulturminne med lov eller andre verkemiddel. Kulturminnelova, plan- og bygningslova og naturmangfaldlova er viktigaste lover for dette. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskrivet, listeføring, tilskotsordningar med meir.

Ei **freding** er strengaste form for vern. Inngrep eller endringar må då godkjennast av myndighetene. Ved freding er det kulturminnelova som gjeld.

PLANGRUNNLAG

LOVER

Dei viktigaste verktøya som vernar kulturminne og kulturmiljø er **kulturminnelova** og **plan- og bygningslova**.

[LOV-1978-06-09-50: Lov om kulturminner \(kulturminnelova\)](#) er det sentrale lovverket for vern av kulturminne og kulturmiljø, og vernar dei som del av vår kulturarv, identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det sterkaste verkemiddelet er freding. Lova slår fast at kulturminne eldre enn 1537 og ståande bygg eldre enn 1649 er automatisk freda. Det same gjeld for samiske kulturminne frå 1917, eller eldre. Heradet er pålagt å melde frå til fylkeskommunen ved søknadar om riving eller vesentleg endring av bygg eldre enn 1850.

[LOV-2008-06-27-71: Lov om planlegging og byggjesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#) vernar også om kulturminne og kulturmiljø, og er det viktigaste grunnlaget for heradet med omsyn til samfunns- og arealplanlegging.

[LOV-2007-06-29-89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd \(kulturlova\)](#) fastslår offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd.

NASJONALT NIVÅ

For å redusere tap av verneverdige kulturminne er det ei nasjonal målsetjing å ha ei oversikt over desse kulturminna i heradet (jamfør [Nasjonalt miljømål 2.1](#)).

Nasjonale mål om forvalting av kulturminne er felt ned i [Stortingsmelding nr. 16 \(2004-2005\)](#) «Leve med kulturminne» der målet er å stoppe forfallet og tapet av verdifulle kulturminne. [Stortingsmelding nr. 35 \(2012-2013\)](#) «Framtid med fotfeste» inneheld mykje av det som står skrive i stortingsmelding nr. 16. Målet her er å styrke den kommunale kompetansen om kulturminne, samt danne oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen gjennom kulturminneplan.

Riksantikvaren presiserer måla slik: mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast, og ivaretakast som bruksressursar, samt som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgjevnader.

REGIONALT NIVÅ

[Regional kulturplan for Hordaland 2015-25](#) skal ut frå Plan- og byggjelova «legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen». I samsvar med dette omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også områder utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen er eit styringsdokument for dei tre forvaltingsnivåa, og peikar ut retning for offensiv kultur- og idrettspolitik i Hordaland fylke.

LOKALT NIVÅ

På lokalt nivå har Ulvik herad utarbeida ulike plandokument som er gjeldande for arbeid med kulturminne og kulturmiljø:

[Ulvik kommuneplan, samfunnsdelen, 2009-20](#)

Ulvik kommuneplan, arealdelen, 2016-28

[Kommunal planstrategi 2016-20](#)

[Skjøtselsplan for Ulvik landskapspark 2014](#)

REGISTRERING AV KULTURMINNE

Ulvik herad har oppført 299 kulturminne i Askeladden: Riksantikvarens offisielle database over freda kulturmiljø og kulturminne i Noreg. Desse registreringane er gjort av fylkesarkeologar i samband med registrering av data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan og bygningslova, eller vurdert som verneverdige. Tenesta er eit verktøy for kulturminneavdelinga på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Andre aktørar som er interessert i kulturminne eller kulturmiljø frå heradet kan nytte [kulturminnesok.no](#), eller [dette](#) temakartet frå Askeladden.

I tillegg til registreringar i Askeladden har SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg (SEFRAK) gjennomført eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Arbeidet vart gjennomført i perioden 1975-95 og omfatta registreringar i form av kartfesting, oppmåling og fotografering av bygningar frå før 1900. For Ulvik herad er det gjennomført 980 SEFRAK-registreringar.

I 2016 leigde heradet inn Anja Haugland Svingen til å registrere bygningar frå 1900-1940. I tillegg til bygningar er systemet også nytta til å registrere andre kulturminne. Samla sett er det gjort 188 registreingar i Brafelt i Geomatikk, og skal etter planen inn i Riksantikvaren sine system.

Ulvik herad har mange kulturminne, både lause og faste, i lokalhistorisk arkiv - eit lokalt arkiv heradet har tilgang til. Arbeidet med å gjere arkivsystemet digitalt tilgjengeleg for publikum er i gang. Arkivet vil bli oppdatert fortløpande. Ein finn arkivet på www.arkivportalen.no. Sjå [heradet sine nettsider](#) for oppskrift på korleis nytte Arkivportalen.

Elles er det mange grunneigarar og privatpersonar som er svært aktive i arbeidet med bevaring og ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø. Dette gjeld også Ulvik sogelag, eit frivillig lag, som arbeider for å dokumentere og formidle lokalhistoria til heradet.

ANSVAR FOR FORVALTING AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Forvaltingsansvaret for kulturminne er delt mellom staten, fylkeskommunen og Ulvik herad. Ansvarsfordelinga er utdjupa nærmare i [Forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova](#). Det er **Klima- og miljødepartementet** som har det overordna ansvaret for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i Noreg. **Riksantikvaren** er fagdirektorat for departementet og utøvar den nasjonale kulturminnepolitikken, fungerer som rådgjevar, har fullmakt til å frede kulturminne, samt kan stoppe planar med motlegg om kulturminneinteresser er trua. **Fylkeskommunen og Sametinget** har ansvar for kulturminne i fylket og i samiske område, og skal sørge for at dei vert teke omsyn til i planlegginga, også i heradet. Dei kan førebu saker for Riksantikvaren og har vedtaksmyndigheit etter kulturminnelova, samt ansvar for leiing av arbeid med regional planstrategi, regionale planar og planvedtak.

Ulvik herad har hovudansvar for bevaring av kulturminne og kulturmiljø, samt landskap, i lokalmiljøet. Plan- og bygningslova er det viktigaste juridiske verktøyet.

Dei fleste kulturminne og kulturmiljø er i privat eige. **Grunneigar** har hovudansvar for sine kulturminne og kulturmiljø. Den viktigaste faktoren for god bevaring av viktige kulturminne er engasjerte og initiativrike eigarar. Kulturminneeigarane må vere interessert i vern før eventuelle tiltak frå heradet er aktuelt. Det kan ofte vere ei økonomisk utfordring med restaurering og vedlikehald.

TILSKOTSORDNINGAR

Kulturarvplanen gjev grunnlag for ein aktiv tilskots- og økonomiforvaltning. Dette er grunnlag som gjev mogleik for private eigarar, lag og organisasjonar, samt heradet å søkje hjelp og stønad til bruk og vedlikehald.

Det finst ulike tilskotsordningar. Nokre ordningar er for private eigarar, medan andre også kan søkjast på av offentlege institusjonar. Godkjent kostnadsoverslag kan omfatte eige arbeid, materialkostnadar med meir.

I samband med Landbruksdirektoratet har Kulturminnefondet samla alle tilskotsordningar på sin nettstad. Lista omfattar statlige, regionale og kommunale tilskotsordningar, samt private stiftingar og fond. Lista er tilgjengeleg [her](#).

Under følgjer eit utval tilskotsordningar.

KULTURMINNEFONDET

Kulturminnefondet: ei statleg ordning private eigarar av verneverdige kulturminne kan søkje på. Tilskotet skal sette i stand og ivareta kulturminne. **Søknadsfrist: fortløpande.**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Riksantikvaren har ulike tilskotsordningar, men normalt er dette ordningar ein søker på via fylkeskommunen. Sjå [Riksantikvaren](#) sin nettstad for meir informasjon. Hordaland fylkeskommune vektlegg søknader basert på heradet sin kulturarvplan, og har mellom anna desse tilskota retta mot heradet og private eigarar:

Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne (BARK): ei ordning heradet eller private aktørar i lag med lag/ heradet kan søkje på. Tilskotet er for rydding, sikring, formidling og tilrettelegging av arkeologiske minne. Kulturminnet må stå på BARK-lista for Hordaland. **Søknadsfrist: 1. november**

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap: ei ordning private eigarar kan søkje på. Den gjev tilskot til vernetiltak på freda bygningar og anlegg, kulturmiljø, kulturlandskap, samt brannsikrings- og beredskapstiltak. **Søknadsfrist 1. november.**

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland: ei ordning heradet kan søkje på. Den gjev tilskot til vernetiltak på bygningar og anlegg, samt kurs og formidling knytt til andre tiltak i handlingsplanen. **Søknadsfrist: 1. januar.**

SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

SMIL: ei kommunal ordning (løyvd frå fylkesmannen i Hordaland) bønder i aktiv drift kan søkje på. Tilskotet skal fremje ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, samt redusere ureining frå landbruket. Søknadsskjema finn ein hjå [Landbruksdirektoratet](#). **Søknadsfrist: 01. mai.**

«TA ET TAK»-AKSJONEN

«Ta et tak»-aksjonen: ein aksjon som står opp om våningshus og driftsbygg. **Søknadsfrist: 15. februar.**

TILSKOT TIL SOGELAG/ HISTORIELAG

Tilskot til sogelag/ historielag og lokalhistorisk arbeid: ei ordning sogelag/ historielag kan søkje på. Tilskotet er for prosjekt som fremjar aktivitet i laget, som legg opp til samarbeid med lag/ arkiv/ bibliotek/ museum og prosjekt som har overføringsverdi til dei. **Søknadsfrist: 15. mars.**

LOKALE STIFTINGAR

Ulvik kulturvernmidlar: ei kommunal ordning eigarar/ brukarar av bygningar, delar av bygningsmiljø og tilsvarande kulturminne ved restaurering/ istandsetjing kan søkje på. **Søknadsfrist 15.april.**

Kulturvernstiftingane: tre stiftingar med føremål om å ta vare på gamle hus (tak osv.). Alle søknader sendast til olav.seim@granvin.kommune.no **Søknadsfrist: fortløpande.**

SPAREFOND

Sparebanken Vest: prosjektmidlar privatpersonar, organisasjonar, prosjekt eller bedrifter kan søkje på. Midlane skal støtte lokalmiljøet og satsar på kultur, næring, idrett og oppvekst og utdanning. **Søknadsfrist: 1. april.**

Sparebankstiftinga Hardanger: gjev store tilskot for å fremje sparebanksverksemda i Sparebank Hardanger. Dette gjennom å eige eigenkapitalbevis, samt disponere utbytte til ålmennyttige føremål. **Søknadsfrist: 31. mars og 30. september.**



DEL 2

ULVIK I EIT HISTORISK PERSPEKTIV

Vassfjøre sett frå Drevtjørn
Foto: Anne Marit Lekve

ULVIK I EIT HISTORISK PERSPEKTIV

For å forstå utforming, plassering og nytteverdi av eit kulturminne og kulturmiljø er kulturhistoria til Ulvik viktig. Dette kapittelet omfattar difor ei kortfatta historisk gjennomgang av heradet frå steinalder og fram til nytid.

Ulvik herad har spor tilbake til då dei fyrste menneska kom til landet i steinalder, men skal ein få ei heilskapleg forståing må ein sjå utviklinga i heradet fram til i dag i samanheng med anna som har skjedd i indre Hardanger, på Vestlandet og elles i landet. Dette er det skrive mykje god litteratur om. Sjå kjeldelista for døme.

Kjeldetilfanget og forståinga av fortida er hovudsakleg basert på arkeologiske studium av den materielle kulturen menneskja har etterlate, samt skriftlege kjelder det er funn av frå vikingtid og framover. Manglande kjelder tyder ikkje at menneska ikkje har vore i heradet, men at kjeldene ikkje er funne enno, eller at dei har gått tapt med tida. Ettersom temaplanen er basert på arkeologiske studium er kronologien det same. Sjå tidstabell.

TIDSTABELL				
Førreformatorisk tid	10 000-4000fvt.	Steinalder	Eldre steinalder (mesolitikum)	
	4000-1700fvt.		Yngre steinalder (neolitikum)	
	1700-500fvt.	Bronsealder		
	500fvt.-0	Jernalder	Eldre jernalder	Førromersk jernalder
	0-400evt.			Romartid
	400-550evt.			Folkevandringstid
	550-800evt.		Yngre jernalder	Merovingartid
	800-1050evt.			Vikingtid
	1050-1150	Mellomalder	Tidleg mellomalder	
	1150-1350		Høgmellomalder	
	1350-1537		Seinmellomalder	
	1537-	Nytid		

Tabell 1: arkeologisk tidstabell

Fvt. = før vår tidsrekning. Evt. = etter vår tidsrekning.

STEINALDER

Etter siste istid for om lag 11 000 år sidan vaks det fort fram planter då isen trakk seg tilbake. Med plantene kom dyra, og med dyra følgde menneska. Eldste funn etter menneskeleg aktivitet i heradet er buplassfunn frå eldre steinalder ved Finseøya, Fryste, Hallingskeid og Sandå. Buplass ved Finseøya er om lag 8500 år gamal. Her er funn etter reiskapar, skarparar, flekker og tangepiler av ulik bergart som flint, kvit kvarts, grøn og grå kvartsitt. Ved Sauabotn er det godt bevarte fangstgraver.

Det er registrert fleire buplassar ved Hallingskeid. Den eine lokaliteten (ID: 212335-1) har mykje spor etter kvartsitt, og har vore nytta i to tidsfasar: ein opphaldsfase i siste del av eldre steinalder, og ein i siste halvdel av yngre steinalder. Den andre steinalder lokaliteten (ID: 229828-0) har mest registreringar av flint.

Det er elles ein del lausfunn av ulik bergart rundt om i heradet. Dette er lausfunn av eksempelvis pilspissar, økser funne på Fryste, Hakestad, Lekve, Ljono og Sygnestveit.

BRONSEALDER

Bronsealder er tidsepoken med minst funn i Ulvik. Det er likevel registrert bergkunst kringom frå perioden. Dette mellom anna på øvre Lekve, Ljono, Notten, Solhovden og Tunheim. Topografisk veit ein at det har skjedd ei landheving i perioden. Utgravingar ved Il-flaten på Skeie syner dette, og ein veit at området her ikkje vart tørrlagt før mot slutten av bronsealderen. Menneskja har så nytta området til dyrking. Dette syner ei viktig utvikling for utvinning i bygda. Utover dette er Hallstadtsverdet (B1008) frå Sæberg eit spennande funn frå bronsealder. Sverdet vart til i Hallstadt, men vart funnen i ei fjellsprekke på Sæberg. Korleis sverdet hamna i bygda vil ein kanskje ikkje få svar på, men den er eit spennande kulturminne.

JERNALDER

Eldre Jernalder

Funn frå Finseøya fortel ei historie om eldre jernalder. Området har vore nytta til jakt og fangst, samt bustadområde. Utgravinga på Il-flaten syner også spor frå eldre jernalder, samt vikingtid og romartid.

Yngre jernalder

Frå yngre jernalder er det ein del funn i heradet. Det er mellom anna funna av ei jernnagl i Osa, ein armring på Hjellevoll, ei mosaikkperle i Kalhagen (Hallanger), ein beltestein på Sponheim og fleire bronsefragment av skålvect, nåler, ringspenner og smykke på Vambheim.

Det er også gravfunn frå perioden. Dette på Håheim, Lekve og Torblå. Her er det gravfunn med spyd, økseblad, saks, skjoldbule, tveggja sverd, beksel, ause og steikepanne.

VIKINGTID

Vikingtid er kategorisert som del av jernalderen. Ettersom ein del registreringar er ført med «jernalder» som datering er det noko vanskeleg å skilje kva som høyrer vikingtida til. I heradet kan likevel gravfunn frå Rondestveit nemnast. Gravfunnet omfatta pilspissar, kniv, sverd, øks og sigd i jern, samt eit kar i kleberstein. Ved utmunninga av Norddøla i Osafjorden er det funn av pilspiss i jern. Historisk museum i Bergen har mange funn frå heradet frå perioden, og saman med andre lausfunn som eksempelvis sverdfunn på Øvre Hakestad er det tydeleg at det har vore mykje aktivitet i heradet i vikingtid.

MELLOMALDER

Frå høg fjellsområdet ved Hallingskeid er det spor etter ein marknadsplass frå førreformatorisk tid (ID: 106155-1). Området var bindeledd mellom Aurland, Voss, Ulvik, Osa og Hallingdal. Det omfatar kokegropslokalitetar og var mogleg stemnestad. Både Hallingskeid og Grøndalsmarknaden er nemnt som marknadstadar frå perioden. Ved Nedre Grøndalsvatn er det fleire funn etter kokegropar frå førreformatorisk tid (ID: 212309-1, 212319-1, 212312-1, 212317-1, 212322-1, 212307-1). Stadnamnet og metalløkfunn indikerer at området har vore nytta som møtestad i steinalder, jernalder, mellomalder og nyare tid. Funn av metallgjenstandar frå seinmellomalder.

Det er gjort fleire registreringar av kulturminne frå mellomalderen i heradet. Ved Lindebrekke er ein kniv av jern, i ei løe på Oppheim er det stolper frå Ulvik stavkyrkje, på Lekve ei røykstove og ved Solsævatnet er det funnen ein stokkebåt, uthogga av stor furustokk (ID: 139591-1) datert til 1400-1410. Båten har nokre skadar, men er generelt i god stand og er utstilt på Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum. Langs Hardangerfjorden er det registrert veter, dette også i heradet.

Av kjøpmenn merkar Sigurd frå Osa seg særleg ut. Han var ein stor forretningsmann som har eigd eige skip og drive stor handelsverksemd ved Bryggen i Bergen.

NYARE TID

I 1277 var Ulvik, Granvin og Eidfjord egne skipreider. Ulvik var del av Kinsarvik prestegjeld til 1608, men vart så innlemma i Granvin prestegjeld. Eidfjord vart del av dette prestegjeldet i 1688 og i 1689 vart det namngitt Graven prestegjeld. Ved formannskapslovene i 1837 vart det innført folkestyre og lokaldemokrati i Noreg. Dei nye kommunane fekk same område som dei dåverande prestegjelda. Slik vart Graven herred til og omfatta Graven, Ulvik og Eidfjord sokn. I 1857 vart Ulvik hovudsokn og endra namn til Ulvik prestegjeld. På same tid vart kommunenamnet endra til Ulvik herred. Samarbeidet mellom sokna fungerte dårleg, og etter kongeleg resolusjon vart heradet delt i tre i 1891. Sidan den tid har Ulvik hatt uendra grenser.

Gards- og bruksutvikling

På 16- og 1700-talet auka folketalet sterkt og dei opphavlege matrikelgardane vart delt opp i fleire bruk. Det kunne verta opp til 14 bruk på ein gard. Dette resulterte difor i ei stor gards- og stølsframvekst. Om lag halvparten av brukarane i Ulvik var leiglendingar under Baroniet i Rosendal, kloster (Halsnøy og Lysekloster) og kyrkjer. Dette har forma jordbrukslandskapet kring Ulvikpollen slik det er i dag. Eksempelvis er gardane på Hakestad, Lekve og Øydve større enn dei på Torblå der dei fleste var i bondeeige, eller i kyrkjeieige. Dei fleste gardane hadde stolar frå gamal tid, men den auka buskapen kravde betre utnytting av inn- og utmark, og stølsområda fekk med tida oppført egne hus. Stølsdrifta vart oppdelt i mjølkestøl/ vårflor (nærme gardsbruket), vår-/ hauststølen (litt lenger vekke) og sommarstøl (lengst vekke, gjerne høgt til fjells utom det naturlege geografiske området til garden). I samband med bruksdelinga vart det bygt fleire nye hus i dei gamle gardstuna og klyngetuna vart til.

Husmannsplass

For å kunne sysselsetje og brødfø det veksande folketalet på 1800-talet vart husmannsordninga svært viktig for bygdene. Ein husmann var ein som leigde jord i utkanten av innmarka, eller i utmarka. Området fekk namnet husmannsplass. Det har vore fleire husmannsplassar i heile heradet. I Vangsbygda har det eksempelvis vore plass ved Kallhagen, Røvhuset, Kvammen og på Nesheimstranda (her står framleis bygningar att). Dei fleste var i bruk fram til starten på 1900-talet. Kvemmadokkje på Børsheim er den husmannsplassen som er best bevart.

Klyngetun

Då gardane vart oppdelt i fleire bruk vart det bygt nye hus i det gamle tunet. Klyngetun omfattar slik ei tett samling av hus og bygningar omgitt av dyrka mark. Tradisjonen starta på 15- og 1600-talet, men grunna utskifting og utflytting vart den oppløyst ved slutten av 1800-talet/ byrjinga på 1900-talet. Heradet har hatt fleire klyngetun, men i dag er det klyngetunet på Hallanger som er best bevart.

Barne- og ungdomsskular

Tradisjonen for omgangsskule kringom i heradet vart avvikla etter ny skulelov i 1860 som hadde krav om meir struktur. Heradet vart delt i krinsar og kvar krins skulle få faste skulehus. Heradet leigde private stover fram til alle krinsane fekk egne skulehus. Det fyrste skulehuset stod ferdig 1863 i Køyle for Sponheim krins. Skulehuset på Lekve stod ferdig i 1869. Det tredje skulehuset stod klart i Osa i 1904, men det var bygd for lite og eit nytt kom i 1922. I 1907 stod eit stort skulehus klart på Brakanes og Sponheim krins endra namn til Brakanes krins. Skulehuset i Køyle vart flytt til Bagnstrond i 1910. I 1915 vart det oppført skulehus på Finse og på Messekleiv i Vangsbygda. Skulehuset på Brakanes stod mellom dei tre hotella midt i sentrum, men brann til grunne som følgje av tyskarangrepet 25. april 1940. Elvatun, Betel og Doktargarden vart nytta som skulelokale fram til det provisoriske bygget «Skulebrakko» stod ferdig med kyrkja i 1941. Brakka vart nytta fram til Brakanes skule stod klar på Skeie i 1953. I dag er dette einaste lokale som framleis vert nytta til barne- og ungdomsskule i heradet.

Hjeltnes skule

Kristoffer F. Hjeltnes opna Ulvik Fruktdyrkingsskole i 1901. Sidan då har den vore utvida og modernisert kontinuerleg. Skulen har tilbydd ulike utdanningar som husmorskule, hagebrukskule, samt naturbruk,

anleggsgartnar og blomsterdekoratør. I dag har skulen andre linjer og er produksjonsskule, samt fagskule med tilbod om arborist og lokal, gastronomisk, utdanning.

Lokal matproduksjon

Gastronomi er læra om samarbeidet mellom mat, maten sin smak og kulturen på spesifikke stadar eller i regionar/ område. Lokal matproduksjon på Hjeltnes er eit studium som omfattar kunnskap om landbruket, kulturlandskapet, reiseliv og det å halde ved lag eit levande bygdesamfunn. Lokal matkultur er Nordens fyrste lokalmatutdanning og held til i Ulvik herad. Studiet baserer seg mellom anna på den lokale gastronomien i Ulvik og omfattar kunnskap om matkvalitet, matproduksjon, matkultur og mattradisjon.

Slow Food Hardanger

Slow Food Hardanger omfattar mange ivrige medlemmer, og størsteparten er representert frå Ulvik. Slow Food Hardanger arbeider med å fremje utvikling av kvalitet i fødevareproduksjonen. Det handlar om mat, tradisjonar og nyting av norske, og lokale råvarer, som er produsert med respekt for natur, dyr og komande generasjonar. «Smakens ark» er oppretta av Slow Food for å ta vare på råvarer og matprodukt lokalt og globalt. Slow Food Hardanger fekk registrert 7 eplesortar i Smakens Ark i 2016.

Stream Nest

På Hjadlane i Osa ligg Stream Nest, ein skulptur laga av den japanske kunstnaren Takamasa Kuniyasu til vinter-OL på Lillehammer 1994. Skulpturen er eit musikkkunstverk beståande av 23000 teglstein og 3000 tømmerstokkar. Tubamusikk av Geir Løvold strømma ut i nesten 15 år (1995-). I dag er det store kunstverket i svært dårleg forfatning.



DEL 3 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Ulvik sett frå nedre Liaplassen
Foto: Anja Haugland Svingen

KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I ULVIK HERAD

Dette kapitlet presenterer viktige kulturminne og kulturmiljø i heradet. Heradet har ikkje prioritert kva kulturminne som er viktigast, men nemnt dei me meiner er viktige. Kulturminna som har ID-nummer har dette oppnemnt etter korleis dei er registrert (enten i Askeladden, SEFRAK eller kulturminnesøk).

ARKEOLOGISKE KULTURMINNE



Foto 1: Bautastein frå jernalderen ståande på Messekleiv, Hallanger. Fotograf: Rune Østraat

Alle arkeologiske kulturminne omtala nedom er freda gjennom kulturminnelova av 1978.

BAUTASTEIN

Ein bautastein er ein grovt tilhogd stein frå førhistorisk tid. Den er plassert på flater så vel som i gravhaugar og er oftast utan inskripsjon. Steinen er gjerne rekna som minnemonument, men kan også ha vore nytta som markering av landegrenser, makt og eigedom. Somme av bautasteinane er dokumentert som del av gravhaugar medan andre kan ha vore reist utanom. Heradet har truleg hatt mange slike merkesteinar. På Messekleiv på Hallanger står ein frå jernalder i originalkontekst: på ei lita graskledd flate ved eit gravrøysfelt, og har godt utsyn over fjorden nedom (ID: 25642-1). Steinen er 70cm høg, 40cm brei og om lag 15cm tjukk, og er godt synleg i terrenget.

BERGKUNST

Ulvik herad er oppført med 22 bergkunstfelt i Askeladden. Områda omfattar hovudsakleg skålgroper registrert på solfylte område. Registreringane er gjort ved Hallanger, Hjelmavoll, Ljono, Solhovden, Lekve, øvre Lekve, Sæberg, Musakolhaugane, Øydve og i Osa. Alle er automatisk freda.

Hallangerlia skålgropsfelt

Skålgropsfeltet på Hallanger omfattar steinblokker med vel 70 skålgroper. Det er det største feltet som er registrert på fleire tiår. Feltet har store parallellar med tradisjon frå Sørfjorden. Området omfattar fleire steinblokker og daterast tilbake til bronsealder-jernalder (ID: 240981-0, 240982-0, 240956-0, 240964-0). To av steinane skil seg ut med eige namn og særtrekk. Månesteinen (ID: 240964-0) har vel 30 skålgroper, er nærmast svart av utsjånad og skil seg ut frå alt anna i området. Grytsteinen (ID: 240956-0) har vel 30 skålgroper, men merkar seg ut med særreigne fotavtrykksformasjonar. Fylkeskommunen er i gang med større registreringsarbeid av områda.

GRAVRØYSER

Det har vore mange gravrøysar og gravrøysfelt i Ulvik herad, men grunna dyrking, vegbygging, husbygging og anna står berre nokre att i dag. Dei som er att er alle automatisk freda, ligg med utsyn over fjorden og har truleg vore nytta som landemerke i tillegg til minnemerke. Det er registrert om lag 40 røysar som framleis står i heradet. Desse har ulik tilstand og somme krev ny registrering. Riktig tal kan difor avvike. Røysene er registrert ved Vangen, Hallanger, Nesheim, Bagnsnes, Byrse, Oppheim, Sysehagen, Tunheim, Øydve, Håheim og Viknes. Røysene nemnt vidare er eit utval av desse, og er døme på viktige kulturminne frå førreformatorisk tid.

Bagnsnes gravrøysfelt

Rett over fjorden frå Bruravik ligg Bagnsnes gravrøysfelt frå bronsealder (ID: 15910-1). Røysa er 10-15m i diameter og om lag 1,5m høg. Den har eit djupt krater i midten, har ein varde mura opp i vestre kant og er noko tildekt av blokker frå eit ras. Røysa har fritt utsyn over Eidfjorden, ytste del av Osafjorden, samt Bruravik.

Hallanger gravrøysfelt

Ved Kalhagen på Hallanger har det vore fleire gravrøysar. Mange av røysene har blitt rydda bort, men to felt står framleis att frå jernalderen. Det minste feltet har to gravrøysar (ID: 45578-1, 45578-2), er generelt små, ikkje lett å sjå og prega av tilvekst. Det andre feltet består av ein gravhaug på 6m i diameter, er prega av tilvekst, men er synleg (ID: 241001-0). Den ligg nærme vegfaret Messekleiv – Vangen.

Nesheim gravrøysfelt

Det er fleire gravrøysfelt på garden Nesheim. På Bruravikneset (ID: 25644) er det registrert to gravrøysar frå bronsealder. Begge er noko skadde grunna arbeid med veg og kaianlegg. Dei er også prega av tilvekst, men likevel er begge godt synelege. På Kaganeset er ei godt synleg og markert røys frå bronsealder (ID: 45579-1). «Kjetilrøysi» er namn på ei anna gravrøys frå bronsealder (ID: 55328-1). Den er svært godt syneleg i terrenget, men har to søkk i seg og er prega av tilvekst. Ved Nesheimssanden er det også ei gravrøys kalla for «Nausthaugen» (ID: 35548-1). Denne er datert til jernalder og er sterkt øydelagt. Gravrøysene er gode utgangspunkt for formidling, men treng skjøtsel.

Oppheim gravrøysfelt

På Oppheim er det registrert tre gravrøyser frå jernalder. Den øvste er om lag 6m i diameter og 0,5m høg (ID: 15912-1). Den er prega av tilvekst og er lite synleg i terrenget. Sør i terrenget, i grenseland til Vestrheim, ligg dei to andre røysene. Den største røysa er 13m i tverrmål og 1,5-2m høg (ID: 6083-1). Den er godt synleg i terrenget, men har skade i søre del. Like ved ligg ei røys på 9m i tverrmål og 0,5m høgde (ID: 55329-1). Den er tydeleg i terrenget, men prega av tilvekst og skade som gjer det vanskeleg å avgrense den.

Tunheim gravrøysfelt

På øvre Lekve ligg Tunheim gravrøysfelt. Feltet består av fire gravhaugar frå jernalder (ID: 66539-1, 66539-2, 66539-3, 66539-4). Gravhaug 1, 2 og 4 er 15-17m i diameter, 2-2,5m høg og er om lag like store. Dei er godt synlege, men dei er mosegrodd og tilvekst med lauvtre. Gravhaug 3 er målt til 10m i diameter og 0,5m høgde, men manglar klare avgrensingar, er mosegrodd og ikkje godt synleg. Gravhaugane er omtalt på skilt ved traktorvegen like ved, men bør ryddast.

Sysehagen gravrøys

Røysa ligg i bratt terreng, er skada, men har eit tverrmål på om lag 7m (ID: 230546-0). Den er prega av tilvekst og var ved siste registrering overgrodd (2007). Området kring røysa består av fleire skålgropsfelt.

Øydve gravrøysfelt

På Øydve er det registrert to gravhaugar frå jernalder. Den eine er 12/14m i tverrmål og 1,5-2m høg (ID: 55330-1). Den har truleg vore høgare, og har eit stort innhogg i nordre del. Den er elles godt markert og synleg i landskapet. Den andre røysa er målt til 12/14m i tverrmål, 1-1,5m i høgde og er nokså lik i storleik. I toppen på røysa har det vore ei tysk skyttargrav og er noko utkasta. Større steinblokker kringom høyrer truleg til røysa. Den er godt synleg i terrenget, men er prega av tilvekst og vanskeleg å avgrense.

Viknes gravrøysfelt

På Hylmestveit på Viknes ligg eit stort gravrøysfelt frå jernalder (ID: 25645). Dette er det største gravfeltet som er att i heradet. Feltet har utsyn utover fjorden og innover mot store delar av bygda. Det omfattar 17 gravrøyser og 2 steinleggingar. Nokre av røysene kan vere rydningsrøyser og heile området treng ny kartlegging då tidlegare registreringar ikkje er korrekt.

GARDSYBGG, BYGNINGAR OG TUN



Foto 2: Utsikt frå Lisebrekke. Fotograf: Audun Skår

Det er seks freda bygg i Ulvik: vaktarbustadene på Fagernut og Slirå, ei snømålingshytte på Memorge, ei hytte på Sandå (tidlegare stikningsbu) og ein låve på Oppheim. Utover dette er det mange bygg og tun av kulturell og verneverdig verdi. Ikkje alt er verna, men alle er av kulturell verdi. Nedom er eit utval gardsbygg, bygningar og tun som er viktige for heradet.

Bagnstrond skulehus

Skulehuset på Bagnstrond (SEFRAK 1233-0102-0229) var bygt i 1863. Skulehuset stod originalt i Køyle, men vart flytta til Bagne for Bagnstrond krins. Siste skuledag vart heldt her i 1961. Bygget vart brukt til leirskule av klassar ved Brakanes skule, men i dag er bryggja i dårleg stand og treng vedlikehald.

Brakanes hotell

I 1860 bygde Sjur Johnsen Brakanes hus og skysstasjon i Ulvik. Dette vart utvida i 1891, men då heile Ulvik sentrum vart skoten i brann 25. april 1940 forsvann alt. Sara og Marta Lindebrekke bygde Brakanes pensjonat bak branntomta i 1949 og opna dørene til nytt fjordhotell 1952. Hotellet har blitt utvida og modernisert kontinuerleg sidan.

Brakanes skule

Brakanes skule stod ferdig i 1953. Bygget omfatta originalt ein klasseromsfløy i det avlange bygget mot skuleplassen og ein gymnastikksal i vinkel bak, men har sidan vorte bygd ut og modernisert i fleire omgangar. I dag omfattar bygget også ein idrettshall.

Doktargarden

Heradet lova ny dokterbustad i 1912 dersom det vart oppretta distriktlegestilling i bygda. Grunna økonomiske forhandlingar starta ikkje byggjeprosessen før 1919. I dag er bustaden i privat eige og i god stand.

Elvatun

Ulvik ungdomslag stod for oppsetting av nytt ungdomshus då det fine, men upraktiske ungdomshuset på Solhaug, Rosvoll, vart for lite. Det nye ungdomshuset, Elvatun, stod ferdig på Skeie i 1934 og var det største i Hardanger. Det har tårn på taket og vakker dekor ut- og innvendig. Særleg er sceneteppet måla av Lars Osa av den mest beundringsverdige utsmykkinga. Då Ulvik vart skoten i brann 25. april 1940 vart Elvatun spart av tyskarane. Dette er truleg på grunn av klokketårnet og likskapen bygget har med ei kyrkje.

Finse hotell

Finse Fjeldstue vart opna i 1909, same år som Bergensbanen vart opna. Fjellstova (SEFRAK: Turisthytte «1222» Finse) vart til som tilfluktsstad om toga kørde seg fast. Dette var starten på det tradisjonsrike Finse hotell. I 1914 opna hotellet verdas fyrste skøytehall innandørs, som mellom anna Sonja Henie var aktiv brukar av. Berre ruinar av hallen står att i dag. Under andre verdskrig vart hotellet rekvirert av tyskarane, og etter krigstida måtte hotellet konkurrere med hyttebygginga. På 1980-talet vart det forsøk på å ha to små hotell side om side, men i 1986 vart dei bunden saman til eitt med ei jernbanevogn, ei skotsikker sanitetsvogn, frå krigen. Hotellet fekk nytt namn etter plassering på Bergensbanen sitt høgaste punkt, 1222 moh. og heiter i dag Finse 1222.

Finse skulehus

Då Bergensbanen vart opna i 1909 vart det fast busetnad på Finse. I 1915 stod skulehuset ferdig, hadde originalt to klasserom i hovedhøgda og lærarbustad i 2. etg. Skulen vart lagt ned i 1989. I dag er huset pussa opp med leilegheit i hovudetasje og har fleire sengeplassar. Den kan nyttast av tilsette, lag og organisasjonar i heradet.

Gamlestova, Fryste

Ved Ulvikfjorden mellom Vambheim og Tveito ligg Fryste. Her er ei glasstove frå fyrste del av 1800-talet (SEFRAK: 1233-0103-015). I motsetnad til røykstover er ei glasstove eit hus/ ei stove med glas. Det er eit bustadhus og er omtala som gamlestova.

Gamletunet, Vallavik

Gamletunet har namn etter dei eldre bygningane som står på tunet i Vallavik. På tunet er ei lafta tømmerløe og ei gamlestove frå 1700-talet (SEFRAK 1233-0101-039, 1233-0101-036), samt eit våningshus, også kalla stovahuset, frå 1800-talet (SEFRAK 1233-0101-037). Fotografen Anders Paulson Wallevik (1874 -1965) budde her. Tømmerlåven er under restaurering og ein permanent utstilling i originalkontekst om og med bileta til Wallevik er under arbeid.

Grindlåve, Oppheim

Låven (ID: 87637-1) har sprettelja grindverk som tyder på høg alder. Liknande stavar ligg på Hardanger og Voss folkemuseum si løe i Aga og har truleg same, eller liknande, opphav. Grindlåven er utstyrt med flor i kjellaren. Låven inneheld seks stavar frå mellomalder-kyrkja.

Hallanger klyngetun

Hallanger klyngetun er det einaste bevarte klyngetunet i heradet. Husa er i god stand. Dei eldste bygningane er frå 1700- og 1800-talet, og omfattar to løer (SEFRAK: 1233-0101-001, 1233-0101-008), to eldhus (SEFRAK: 1233-0101-003, 1233-0101-006), ei stove «gamlestovo» (SEFRAK: 1233-0101-002), to våningshus (SEFRAK: 1233-0101-019, 1233-0101-018), ei røykstove (1233-01010-005), eit gjestehus (SEFRAK: 12-33-0101-022), og eit møkkahus (SEFRAK: 1233-0101-009).

Heradshuset

Ulvik heradshus sto ferdig på Brakaneskaiaen ved årsskiftet 1952/53. Huset inneheldt då kontor for heradet, lensmannskontor, telegrafstasjon, Ulvik folkeboksamling og bustad. I kjellaren var varelager og skipsekspedisjon. I dag er det Olav H. Haugesenteret som har overteke det meste av huset. Senteret er dedikert den store diktaren, Olav Håkonson Hauge, som budde heile sitt liv i Ulvik (1908-94). Utover dette omfattar senteret også gode opplevingar om anna lyrikk, litteratur, kunst og musikk frå Noreg.

Isdalshuset

Isdalshuset er eit bustadhus i Holmen frå slutten av 1800-talet (SEFRAK: 1233-0107-043). Huset vart bygt av landmålar Olav T. Lekve, men i 1901 kjøpte Chr. Børs Isdahl huset og budde der medan han styrte Vassfjærens Skiferbrudd. Han gav vekk Holmen til den norske stat i 1934. Huset har vore nytta som rektorbustad for Statens gartnarskule i fruktdyrking på Hjeltnes. Det er stort og har ein vakker hage kring seg. I dag er det heradet som eig området, og ei arbeidsgruppe er sett til å bestemme kva som skal skje her framover. Det er svært aktuelt at historia om Køllefamilien, særleg Catharina Hermine, blir formidla i sin naturlege omgjevnad.

Kvemmadokkje husmannsplass

Husmannsplassen ligg om lag 200m vest frå hovudtunet på Børsheim. Namnet kjem av plasseringa i ei dokk, eit søkk i terrenget, og av at den fyrste husmannen kom frå Kvam. Husmannsplassen omfattar mellom anna eit eldhus frå tredje kvartal av 1800-talet (SEFRAK: 1233-0104-073) og eit våningshus/ ein låve (SEFRAK 1233-0104-072). Bygga på området er restaurert og godt ivaretatt.

Køllehuset

Køllehuset var namnet på bustadhuset til Christian Kølle og dei tre døtrene Catharina Hermine, Helene og Ambrosia. Huset låg i Holmen og var bygd av kaptein Johan H. Pelludan på 1770-talet. Det vart kjøpt av Køllefamilien då dei flytte til Ulvik i 1806. I dag er det berre att ruin etter huset (SEFRAK: 1233-0107-047). Over ruinene er det bygd ein garasje. Det er heradet som eig området, og ei arbeidsgruppe er sett til å bestemme kva som skal skje her framover. Det er svært aktuelt at historia om Køllefamilien, særleg Catharina Hermine, blir formidla i sin naturlege omgjevnad.

Kvitebygningen på Hjeltnes

Kvitebygningen vart bygt i 1901 då Hjeltnes hagebrukskule starta (SEFRAK: 1233-0107-035). Den inste stova er Kristoffer Sjurson Hjeltnes si glasstove frå slutten av 1700-talet. Kvitebygningen var del av garden på Hjeltnes og er einaste skulebygg som står att frå krigen. I dag er det nytta som administrasjonsbygg.

Olav H. Hauge – diktarheimen på Rossvoll

Olav H. Hauge budde heile livet på familiegarden på øvre Hakestad. Han flytte med foreldra til kårhuset på Rossvoll, og overtok kårbruket og huset etter dei. Heimen har stått som museum etter hans død.

Røykstove, Nesheim

På Nesheim er ei røykstove frå tredje kvartal av 1700-talet (SEFRAK: 1233-0101-87). Røykstova er eit gamalt bustadhus med lafteteknikk frå 1000-talet. Teknikken omfatta tømmerstokkar av imponerende dimensjonar, men til skilnad frå dagens hus hadde desse ikkje anna lyskjelder enn ei røykopning i taket, derav namnet. Det var bustadhus like fram til 1930.

Røykstove, nedre Lekve

Ved nedre Lekve er det ei røykstove frå høg mellomalder (SEFRAK: 1233-0107-155). Det er eit lafta våningshus. I seinare tid er det bygd eit våningshus i lag med røykstova og er nytta som bustadhus. Ikkje alt av røykstova er bygt inn i bustadhuset og er slik framleis godt synleg.

Tørkehus, Sponheim

Ved Audnalondselvi på Sponheim er det siste tørkehuset i Ulvik. Huset er frå 1800-talet (SEFRAK: 1233-0104-110). Her vart treska korn og malt tørka. I dag er bygningen restaurert og i bra stand.

Åsheim gardstun

På Åsheim er det 3 gamle gardstun. På det fyrste tunet ein kjem til er eit våningshus frå 1700-talet (SEFRAK 1233-0101-083), eit eldhus og ein låve frå 1800-talet (SEFRAK 1233-0101-084, 1233-0101-085). Vidare inn tunvegen kjem ein til eit nytt tun med bustadhus, eldhus og låve frå 1800-talet (SEFRAK 1233-0101-076, 1233-0101-078, 1233-0101-077). Føl ein vegen vidare oppover frå det fyrste tunet kjem ein til eit anna bustadhus med tilhøyrande låve frå 1800-talet (1233-0101-080, 1233-0101-079). Bygga treng generelt sett å vølast. Våningshuset frå 1700-talet er under restaurering.

HANDEL, HANDTVERK OG INDUSTRI



Foto 3: Rallarmuseet. Fotograf: Espen Drønen Eide

Båtbyggjetradisjon

Vassvegen har vore nytta i lang tid i heradet og det er funn som vitnar om båtbyggjetradisjon og bruk langt tilbake i tid. Frå førhistorisk tid er det to funn som vitnar om båtbyggjetradisjon. Eit yngre jernalders gravfunn frå Syse (B4725) omfattar båtnaglar, samt ei tapt grav med båtnaglar. Frå Øydve er det informasjonar om eit funn av båtstamn funne i ei myr, som dessverre er tapt. Stammen var på skap med ein færing og hadde spor til bordgangar. Tradisjonsteknikkane har vore variert og kringom fjorden har det vore bygt trebåtar og seglskuter av ulike slag opp gjennom tidene. Tradisjonen har gått i arv frå munn til hand. I dag er det hovudsakleg gamle naust som vitnar om kunsten. Sjølv om ikkje alle nausta har romma sjølve byggingsfasen syner dei likevel kor viktig det var å verne båtane. Eksempelevi finn ein gamle naust ved Øydvinstød, Vambheim, Nesheim, Smedvika og Vallavik. I nausta i Øydvinstod ligg det framleis over 20 båtar att som er kring 60-100 år gamle. Dei fleste er Strandebarmar/ Hardangerbåtar med tre bord og er svært like Oselvarar.

Gamle kraftstasjon, Osa

Det vart oppretta ein mellombels kraftstasjon i Austdøla i 1918 då Osa Fossekompani starta anlegg i Osa. Tyskarane arbeidde vidare med anlegget i krigsåra, og etter krigen overtok til slutt Ulvik kommunale elektrisitetsverk. Kraftverket vart lagt ned i 1973 då kraftlina mellom Ulvik og Osa vart ført opp over Jonsstøl. Det var også ein liten privat kraftstasjon ved Norddøla.

Hellebrot, Vassfjoro

Frå gammalt av hadde brukarane på Ljono og Lekve teke ut heller ved vettle Vassfjoro til eige bruk. Kring 1900 kjøpte C. Børs-Isdahl rettane og starta Vassfjærens Hellebrud. Det vart bygt taubane ned til Osa og utskipingshamn der. Det er ruinar etter skantehytte (SEFRAK: 1233-0108-029), brakker (SEFRAK: 1233-0108-028, 1233-0108-031) og toalett (SEFRAK: 1233-0108-030, 1233-0108-032). Bortimot all skiferen vart seld til

andre stadar i landet. Tidlegare hadde bruk ved Lekve og Ljono henta skifer til bygg og bygningar. Området er av historisk verdi, og bør formidlast utover brosjyrar. Skilt er aktuelt.

Hellbrot, Stokkvatnet

Ved Stokkavatnet har det også vore hellebrot. Aksjeselskapet Ulvik Skiferbrud vart skipa 1898. Det vart tatt ut heller i Kjeringafjellet, løypt ned mot stokkavatnet og frakta vidare med hest og vogn til Brakanes. Selskapet vart avvikla i 1908, men Olav A. Aurdal heldt fram drifta på privat basis fram til siste verdskrig. Det er ruin etter hus ved Hedleberje (SEFRAK:1233-0104-021).

Hjeltnes planteav

Det har vore opplæring i fruktplanting i området sidan 1765. I dag er det ein eigen genbank for ulike eplesortar på Hjeltnes. Genbanken omfattar over 100 eplesortar og det er planar om å fornye den. Ettersom genmaterialet må ivareta kast av levande tre (altså ikkje frøa), består samlinga av fysiske epletre. Det er planar om å flytte den nærmare skuletunet då det er dårlege vekstforhold der samlinga står no.

Kvernhus, Nordalen

Ved Norddøla i Osa står det oppført eit gammalt kvernhus. Det vart restaurert på 1990-talet og var sett i stand så det kunne drivast. Det har ikkje vore i særleg bruk og har hatt lite vedlikehald, så mykje har blitt øydelagt. Registrering av kvernhuset er under arbeid.

Kvernhus, Hallanger

I Kallhagen på Hallanger står det eit kvernhus frå 1800-talet. Det er det einaste kvernhuset som er att på Hallanger og er ikkje i god stand. Det manglar mellom anna intakt vassrenne.

Murbygningar på Hjadlane

I 1917 vart det bygt eit administrasjonshus og to bustadhus for ingeniørar i Osa Fossekompani. Området var i bruk av tyskarane under andre verdskrig og omfattar også ein brannhydrant registrert som krigsminne. Administrasjonsbygget brann ned i 1982. Bustadhusa har vore nytta av ulike verksemdar. I dag er husa privatbustad og lokale for Hjadlane galleri, kunstgalleriet til Lars Gunnar Polden.

Rallarmuseet

Rallarmuseet på Finse opna i 1990 og fekk nye utstillingar i 2009. Museet omfattar historia om anleggsarbeidarane, rallarane, på høgjellstrekninga på Bergensbanen 1894-1909. Det er utstilt ulike foto, reiskap og maskiner som vitnar om anlegg- og brakkelivet, samt autentisk smie og anleggsbrakke.

Sager

Kring elvene Døgro, Tysso, Vambheimselva og andre småelver i heradet, samt i Vallavik, har det vore sett opp oppgangssager. Dei fyrste kom tidleg på 1600-talet. I dag er det berre ruinar att.

Saltkoking

Det vart utvunne/ kokt salt fleire stader langs fjorden. Det var viktig å hente sjøvatn så djupt som mogleg. Dette er kjent frå mange stadar i Hardanger. Eksempelvis vitnar namnet Salthella ved Hillebergstronde om slik saltkoking.

Skeie-mylna

Ved Tysso blei Skeiemylno oppført i 1892 (SEFRAK: 1233-0106-012). Mylna stod opphavelig i Bergen i om lag 100 år ved Mulelven før den vart flytta. Den vart nytta for behandling av treska korn. Mylna har gjennomgått totalrenovasjon og bygningskroppen, maskineri og vassrenna er i dag ferdigrestaurert. Når demningen bak mylna står ferdig er alt klart til å bli teke i bruk så handverktradisjonen kan formidlast vidare.

Skeie sag

På Skeie, på vestsida av Tysso, ligg Skeie sag. Verksemda har vore i samanhengande drift sidan 1600-talet og

er ei av dei eldste (truleg den eldste) i Ulvik. Området var fyrst eit sagbruk, men har sidan blitt utvida med produksjon av fruktkassar og pallar. I dag er her produksjon av skreddarsydde pallar og spesialkassar.

Syse gard Économusée

Eit Economuseum er ei handverksbedrift som er valt ut på grunn av sitt engasjement for kvalitet og autentisk arbeid. Handverksbedrifta skapar sitt eige driftsgrunnlag ved å produsera brukarvennlege produkt, laga etter tradisjonelle metodar og teknikkar, og ved å tilby kvalitetsikra kulturelle opplevingar til alle besøkande. Syse gard er ikkje eit museum i vanleg forstand, men er ei levande handverksverksemd, som i tillegg til produksjon og sal av tradisjonelle handverksprodukt legg til rette for ei reiselivsoppleving der handverkstradisjonar og historisk samanheng vert synleggjort.

Tømmer- og vedaløype

Det har vore oppretta løyper for lettare frakt av tømmer og ved kringom i heradet. På Øydve er det mellom anna restar etter eit slikt system. Det mest synlege provet er kulverten som går under fylkesvegen. Den syner at bønder krevde å kunne løype tømmer til sjøen då vegen vart til, samt vere trygg ferdselsveg for sauene mellom beitenene. Utover dette har det vore mange løyper kringom i bygda, særleg i Aosen langs Hillebergstronde ned mot Osafjorden.

Ulvik kommunale elektrisitetsverk

Ulvik fekk sitt fyrste kommunale elektrisitetsverk 1916. Kraftstasjonen vart bygt av Ulvik herad og stod ferdig med kraftstasjon, 350m. turbinrøyr og demning i Tysso i 1923. Stasjonen har gjennomgått store endringar og omfattar i dag fleire bygg. I dag er det BKK som eig elektrisitetsverket i heradet. Hardanger Energi er medeigar i anlegget i sentrum og driftar det.

IMMATERIELLE KULTURMINNE



Foto 4: Dansing i Kvemmadokkje. Fotograf: Anne Marie Øydvin

Immaterielle kulturminne kan omfatte kulturminne så vel som kulturmiljø. Omgrepet dekkjer stadnamn, historier og segner som fortel om bruk av objekt og område.

BUNAD

Bunad er namn på norsk folkedrakt med lokale variasjonar til kvinner og menn. Ulvik har eigen versjon av Hardangerbunaden og tradisjonen går tilbake til 1800-talet. Det eksisterer mange bringeklutar og anna bunadsutstyr frå heradet på Voss og Hardanger museum. Bunaden til menn er så og seie uendra, men kvinnebunaden har vore prega av endring. Tidlegare nytta ein eksempelvis det finaste stoffet ein hadde, men etter frigjeringa i 1905 vart den raude filtvesten sett på som «original». I dag er det fleire som vel andre stoff, men fargen er oftast raudleg eller grøn. Tradisjonsarbeidet er vidareført av flinke, lokale kvinner som syr kvinnebunaden, men Målfrid Hjeltne er den einaste som syr bunader i større omfang. Herrebunaden må ein ut av bygda for å få sydd. For at ikkje kunnskapen skal gå tapt, eller forsvinne til Norsk husflid med monopol, er det svært aktuelt å sikre handarbeidsteknikkane i samråd med Voss og Hardanger museum. Dette både for forvaring og formidling.

Hardangersaum og svartsaum

I likskap med bunadsmangfaldet er det også ulike tradisjonar for saum. I Ulvik høyrer hardangersaum til bunadsdrakta og består av «utskurd» og «tettsaum». Dersom kvinna gifter seg seier tradisjonen at skjorta skal få svartsaum. Ein vinterbunad, også omtala som vøttrabunad, er originalt ein konebunad og består også av

svartsaum. Teknikkane er tidkrevjande og blir i dag ofte kjøpt ferdigprodusert frå Asia. Interessa for å læra saumteknikkane er likevel stigande, og eksempelvis har Ulvik Bygdekvinne­lag heldt kurs i somme av dei.

Belte og bringeklutar

Perling, korssting, smøyg, vevnad og Holmajomfru er fem ulike teknikkar som er nytta i bringeklutar og belte (Holmajomfru gjeld berre for bringeklut). Perla bringeklutar består også av ulike teknikkar: perler på klede, perlenett og perler på stramei. Holmajomfru er einaste teknikk som er særmerka for Ulvik. Denne teknikken kjem frå Holmen der Kølle-jomfruene produserte handarbeid for sal. Teknikken bestod av stjerner på kvitt lerret oppå svart fløyel, som igjen var dekorert med perler. I dag er dette den einaste teknikken som er ukjent om framleis er i bruk. Mellom anna syr Anne Marie Øydvin, Siri Håheim, Marie Hjelle og Ann Vestrheim framleis belte og bringeklutar.

SEGN

Ulvik har mange segn frå fleire tider om hendingar knytt til ulike objekt og stadnamn i heile heradet. Segna er av kulturell verdi og heradet ynskjer å bevare alle for framtida. Døme på slike segn:

Sygnestveit kyrkja

Etter ras ved Sygnestveit i Osaffjorden har det oppstått ei hule som har fått namnet Sygnestveit kyrkja. Dei naturlege formasjonane innvendig liknar ei kyrkje med preikestol, skip og kor. Hola har truleg ikkje hatt særleg kristeleg verdi, men i følge segnet vart hola nytta som samlingsstad for folk i indre Hardanger då det etter reformasjonen vart forbod mot katolske messer.

Brurastol og Gullkistelen

Segn om to steinar på veg mot Jonstøl. Den eine steinen har form som ein kubbestol, den andre ei stor kiste. Begge skal i følge segnet vore nytta av huldrer som var på veg frå Vassfjæra til bygda for å gifte seg. Dei gløynde derimot tida og alt blei til stein då sola kom fram.¹

STADNAMN

Eit stadnamn identifiserer ein viss stad, er del av språket og har ei opphavsleg tyding. Ulvik herad og Ulvik sogelag har gjennomført ei omfattande registrering av stadnamn i heradet. Registreringa er tilgjengeleg på heradet sine heimesider.

TRADISJONAR

Dans

Frå gammalt av var det springar, rudl og laus/ halling, som vart omtalt som byggedans og stod sterkast i heradet, så vel som i dei andre bygdene i Hardanger. Seinare kom «Valsaspelet» hit med polka, reinlender, hamborgar og valsar. Springaren i Ulvik er svært ulik den i resten av Hardanger. Både springaren, rudlen og lausdansen er godt dokumentert ved opptak og nedteikningar (springar og rudl) ved RFF-senteret, samt opptak av eksempelvis Landskappleikane på YouTube. Anne Marie Øydvin og Per Rondestveit har drive leikarring gjennom ei årrekke. Eli Børsheim Kvåle, Marta Lindvik, Torkjell Lunde Børsheim og Åshild Sorteberglien Ljones er kjente dansarar.

Drykk

Det er lang tradisjon for eplesaft, siderproduksjon og heimebrygging i Ulvik. Då munkane kom med epledyrkinga og siderkunsten på 1200-talet starta tradisjonen for dette i Hardanger. I dag driv Hardanger Saft-

¹ Ulvik herad, Kulturhistoriske vandringar i Ulvik, 16.

og Siderfabrikk, Syse Gard og Ulvik Frukt & Cideri produksjon av tradisjonelle og nyare sortar eplesider, eplemost og andre produkt. Saman tilbyr dei Noreg si einaste sider-rute. Dei fleste gardar med frukt og/ eller korn har truleg drive produksjon av saft, sider og/ eller heimebrygg. Heimebrygg er namn på byggjetradisjonen av øl. Den heldt til i eldhus/ mosstover og er framleis ein tradisjon som blir heldt ved like.

Hardingfele

Det er lange tradisjonar for Hardingfele og spelekunst i Hardanger. I samanlikning med Granvin har ikkje Ulvik så mange store spelmenn, men det kjem gode spelarar her i frå òg. Per Person Staup og Johan Daniel Hjelmevold er truleg dei mest kjende. Av nyare tid er Annlaug Børsheim, Frank Henrik Rolland og Marta Lindvik kjente Ulvikjer i spelemiljøet.

Jonsokbryllaup

Jonsokbryllaup er ein skikk der born eller ungdom etterliknar eit «vaksen-bryllaup» med eigne festdrakter, opptog og feiring med spel og dans. Feiringa skjer årleg, på jonsok, i slutten av juni. Det er ikkje kjent når tradisjonen starta i heradet, men eit bilete frå 1954 dokumenterer to av dei same bunadane som vart nytta fram til 2018. I dag er det Anne Marie Øydvin og Johanna Mjeldheim som lærar borna i 1.klasse tradisjonen.

Mat

Det har vore, og eksisterer framleis, ulike tradisjonar for utvinning av mat og drykk i heradet. Frå gammalt av har dei aller fleste nytta det dei dyrka og avla fram sjølv. Dette eksempelvis korn, kjøt, fisk frå fjord og fjellvatn, poteter (når dei kom), frukt, bær, hagebær og nøtter. Det har vore sterke normer og lover for vern av produkta. Eksempelvis eksisterer framleis forbodet om å plukke hasselnøtter frå «ein annan manns skog». I samband med produkta som blei avla fram høyrer produksjon av nye produkt til. I den samanheng nemnast aktiv bruk av tørkehus og eldhus/ røykstove/ mosstove.

Song

I takt med mat og drykk har det vore lange tradisjonar for song i heradet. Dokumentasjon av song frå heradet er ikkje så godt kjent og det er svært aktuelt å kunne samle alle kjelder. Likevel må det nemnast at somme songar frå bygda er å finne i boka «Den kvitrande fuglen», samt eit hefte med bygdeviser etter Johan Øydvin, og eit hefte med songar/ viser etter Bjarne Ljones. Annlaug Børsheim lever av å vere musikar, komponist og tekstforfattar.

Toradar og trekkspel

Heradet har også husa fleire gode toradar- og trekkspelarar. Mellom anna kan Gunnvald Wallevik, Arne Kjerland, Kjetil Helland, Martin Paulsen, John Øydvin og Sigbjørn Øydvin nemnast.

KRIGSHISTORIE



Foto 5: Brakanes før krigsutbrotet 1940. Fotograf: E. Djupdræt

Veteranbauta

Til hundreårsminne for grunnlova vart det oppført ein bautastein ved promenaden i 1914. På bautaen står namn til minne om dei frå Ulvik som «låg ute» i ufredsåra før 1814, som var grensevakter og i krig med svenskane. Somme døde under denne tenesta, dei fleste av sjukdom.

Andre verdskrig

Under andre verdskrig var Noreg okkupert av Tyskland frå 1940 til 1945. Etter krigsutbrotet 9. april 1940 samla ein del handelsskip seg i Ulvik. Engelske fly slapp bomber mot desse. Då ein tysk flåtestyrke kom morgonen 25. april vart det skote mot dei, og som hemn vart Brakanes, Hjeltnes og Viknes skote i brann. Tre menneske på gamleheimen omkom. Mellom 50-60 hus brann ned og over 100 menneske miste heimane sine. Sverige gav 15 bustadhus, svenskehus, som vart sett opp i Paradis og nokre andre stadar i bygda.

Sommaren 1941 vart det meste av bygda tvangsevakuert med unntak av Osa og Vangsbygda. Dette var den største evakueringa i Noreg sør for Troms. Nær 1500 menneske måtte ut av bygda på ei veker varsel, innan 10. juni, og ingen visste om, eller når, dei kunne komme tilbake. Evakueringa vart oppheva 1. august 1941.

Observasjonspostar

Langs fylkesveg 572 har det vore oppført tre observasjonspostar på Sponheim (ID: 221447-1, 221447-2, 221447,3). To av dei er i god stand, medan ein liten dekningsbunker er delvist rast saman. Det skal ha vore fleire forsvarsstillingar i Ulvik, men grunna utbygging er ikkje desse lenger mogleg å lokalisere. Ingen av postane er freda.

Finseområdet

Tyskarane rekvirerte hotellet på Finse i krigstida. I tillegg sette dei opp ein avansert teststasjon for flymotorar ved Finsevatnet, og er i dag ein liten del av «Finsehytta». Like ved vart det sett opp eit lager (ID:221449-1, 221449-2). Ingen av bygga er freda, men Finsehytta er av historisk interesse og har visse føringar. Lageret vart gjort om til eit anneks med overnatting etter krigen, og er under planlegging for ny utbygging. Utbygginga omfattar også ei omplassering då lokaliteten ikkje var heilt optimal.

Dei ville bygge flystripe på Hardangerjøkulen og arbeidde i lange tider med dette. Tyskarane ynskte ein stad i stor høgd, som ville spare dei for mykje brennstoff. Bresprekker vart fylt med snø, is, dekkja av eit lag med tjæreapp og sagflis. Etter 8 mnd. vart arbeidet stogga. Forholda på isbreen var ikkje overkommelege.

Osa

I 1917 starta Osa Fossekompani AS kraftutbygging i fjella i Osa. Kompaniet sprengte tunnelar, transporterte store mengder grusmassar opp på fjellet, samt byggja kaianlegg og lagerhus. Dei hadde planar om aluminiumsverk og kraftstasjon i Osa, og bygde gangveg med handmakt langs fjorden kring 1920. Det vart laga teikningar for ein by for 4-5000 menneske. Av økonomiske årsaker stoppa arbeidet i 1926 og kraftutbygginga hamna i Eidfjord.

Under okkupasjonen ville eit tysk aluminiums-selskap, NORDAG, realisere planane om kraftverk og aluminiumsverk. Det var om lag 1800 arbeidsfolk på det meste. Arbeidsfolket under okkupasjonen var nordmenn og ikkje tvangsarbeid. Nordmenn kom frå ulike stader for å tena peng. Det var folk og ikkje firma som var tilsett. 35 store brakker på 30*8m, samt 50 hus vart sett opp i Osa. Arbeidet vart nedtrappa i 1943, og i dag er det lite som står att frå perioden. Det er indikasjonar på fire tyske brannhydrantar ved hamna, men berre tilsvarande brannhydrant ved Hjadlane galleri er registrert som krigsminne (ID: 221448-1). Brannhydrantane er i god stand og identisk med dei på Herdla flyplass.

Langs Osafjorden, på Sygnestveit sida, oppretta anleggsarbeidarane lager i fjellsida kring 1916. Desse hola vart nytta som ammunisjonslager av tyskarane då dei overtok prosjektet.

Osavegen, fylkesvegen inn til Osa, vart bygt av nordmenn under tysk kommando. Før hovudvegen vart til var det transport med båt som galdt. Ein vinterdag 1941 var det to tyske lastebilar som tok sjansen på å krysse den islagte fjorden, men dei gjekk gjennom isen, og ligg framleis på botnen.

Det var bygt 8-10 skyttargraver på Øydvinstod ved Osafjorden. Ingen vart tatt i bruk og berre ei står att i dag. Den er ikkje freda, men fortel ei historie om inngrepa som blei gjort i heradet og er formidla gjennom Øydvinstod kultursti.

Vangsbygda

Både før, under og ei stund etter krigstida var sjø- og fjellvegen einaste tilkomst til Vangsbygda. Området var difor ikkje råka av krigshandlingar på same måte som elles i heradet. Den største hendinga her var eit flystyrt oppunder Disk på Hallanger 14. juli 1943. Det tyske bombeflyet var utrusta med fem bomber. Alle gjekk til slutt av etter styrten, men ingen sivile kom til skade. Tyskarar henta avdøde og sikra at ingen uvedkommande kunne nytte flyutstyret. Arbeidet tok eit par veker, men etter dette kunne lokalbefolkninga hente aluminium frå flyvraket og smelte det om. Det er framleis restar etter vraket.

KULTURMILJØ



Foto 6: Utsikt mot Snauholmen. Fotograf: Reinhold Kager

Finseøya

På ei øy i Finsevatnet, Finseøya, er det gjort funn av flekker og tangepiler, kvit kvarts, kvarts, flint, grå kvartsitt. Radiologisk datering av trekol syner at busetjingsområdet er om lag 8500 år gammalt. Steinalderbusetjinga omfattar eit aktivitetsområde for jakt og fangst (ID: 172191-1), buplassar frå seinmesolitikum (ID: 135009-1, 135010-1, 135012-1, 135013). I tillegg til steinalderbusetjing er det også funn med dateringar til bronsealder og jernalder, så ein veit at området har vore nytta i lang tid. Området er freda.

Jonstøl

Stølsområdet Jonstøl er automatisk freda og ligg om lag 600 moh. (ID: 120814-1). Stølen er nemnt i skriftlege kjelder frå mellomalder og har ferdselsåra Ulvik-Oksabotnen gjennom seg (ID: 108369-1). Det er eit freda område og er eit verdifult stølsmiljø med ståande stølshus (SEFRAK: 1233-0104-195), sel (SEFRAK: 1233-0104-196, 1233-0104-215, 1233-0104-216, 1233-0104-218, 1233-0104-220), eldhus (SEFRAK: 1233-0104-217), løer, ruinar og tufter. Bygningane er frå 1700-1900-talet. Arealet er stort og inneheld fleire beiteareal med innhegningar og steingardar. Stølsvollen er rydda og ligg over fleire kollar i landskapet. I dag er området framleis nytta til beite, men det er ikkje lenger budeier eller gjetargar her.

Oksabotn

Oksabotnen er eit stølsområde med stølar for Håheim, Sygnestveit og Spohheim. På området er det registrert to stølar utan kjent datering (ID: 126955-1). Staden er ikkje freda, men i lag med dei andre stølane og ruinar etter geithus (SEFRAK: 1233-0109-021) og tufter frå 1700-talet (SEFRAK: 1233-0109-022, 1233-0109-023) er det tydeleg at området har kulturell og historisk verdi.

Tysso

På Brakanes, langs elva Tysso, har det vore stor aktivitet dei siste 2-300 åra. Området frå elveutmunninga ved Ulvikfjorden til øvre Tyssebrua omfattar fleire bygningar som syner handel, handtverk og industri frå perioden. Brakanes hotell, Skeie Sag, kraftverket og Skeie-mylno er døme på dette. I tillegg står ei smie (SEFRAK: 1233-

0106-021) og eit kvernhus (SEFRAK: 1233-0106-022) like ved elva, og området har stort potensiale for formidling om aktiviteten her.

Ossete

Stølsområdet Ossete i Osa er ein gamal stølslokalitet med fleire tufter og ruinar (ID: 105927). Tuftene har datering frå jernalder-mellomalder og området er freda. Stølsområdet ligg om lag 500 moh. og er omtala som ein grøn oase elva Norddøla renn igjennom. Ferdselsåra Osa-Hallingseid passerar stølsområdet og området har truleg vore nytta sidan førreformatorisk tid. Stølsområdet er rydda.

Naustmiljø, Øydvinstod

Ved Osafjorden ligg Øydvinstod naustmiljø. Her er fleire naust frå 1800-talet (SEFRAK: 1233-0107-080, 1233-0107-082, 1233-0107-084, 1233-0107-091, 1233-0107-092, 1233-0107-095, 1233-0107-096, 1233-0107-098). Nausta er lafta og grindabygg. Området er eit verneverdig naustmiljø. Ein del av nausta er restaurerte, men det er fleire som treng vedlikehald.

Rallarvegen

Rallarvegen er eit nyare namn på anleggsvegen arbeidarane, rallarane, nytta til utbygging av Bergensbanen (1894-1909). Vegfaret strekk seg frå Haugastøl til Myrdal og Flåm, og frå Uppsete til Voss, og omfattar slik heradet frå Nedsta Storevatnet, forbi Finse, Hallingskeid og nedre Grøndalsvatnet. Kring heile vegstrekka er det fleire kulturminne, mellom anna ein del vaktarbustader, brakker og skulehus. Rallarvegen er aktivt nytta av turistar og syklistar, og er under restaurering av Bane Nor. Området er slik eit kulturmiljø med mange kulturminne og har grunnlag for betre forvalting.

Slåttemark, Ljono

Slåttemarksområdet på Syse er det tredje mest artsrike i heile Hordaland. Her er registrert nye sortar som ikkje har vore registrerte i Ulvik før, samt nokre utryddingstrua artar. Området er verneverdig og blir heldt ved like.

Slåttemark, Sysegjerdet

Slåttemarksområdet Sysegjerdet på Lekve omfattar også utryddingstrua artar. Området er verneverdig og blir heldt ved like.

Snauholmen

Inst i Ulvikpollen ligg ein stor holme, Snauholmen. I dag er området dekkja av skog og har vore det dei siste to hundreåra, men før dette var den ikkje skogskledd, derav namnet. Holmen har vore nytta som rettarstad. Kjelder fortel om to personar som vart avretta her sommaren 1737. Staden er del av området Holmengruppa arbeider med. Holmen er eit flott område med mykje potensial, og det er svært aktuelt å formidle historia til publikum enten i Holmenområdet, eller på Snauholmen.

KYRKJEHISTORIE



Foto 7: Ulvik kyrkje. Forograf: Anne Marit Lekve

Arkeologiske funn syner at menneska til alle tider har forsøkt å setje tilværet i ei større samanheng. Frå førkristen tid finn ein spor av dette i bergkunst, offerfunn, gravminne, og stadnamn. Etter at kristendommen vart sett som landet sin offisielle religion kring 1020evt. vart det reist kyrkjer og ein reknar med at det vart oppført ei i Ulvik alt på 1200-talet. Kyrkjene i Ulvik har i alle tider vore stor del samfunnslivet og nytta som samlingsstad og landemerke. Dei har påverka kulturen og kvardagslivet med ritual, retningslinjer, utdanning og velferdsutvikling. Kyrkjene i heradet har ikkje stått oppført samstundes og alle har slik vore omtala som Ulvik kyrkje.

Stavkyrkja på nedre Hakestad

Kyrkja på nedre Hakestad ved prestegardstunet var ein stavbygning med svaler rundt heile (ID: 162327-2). Stavkyrkja vart riven kring 1710, men mykje material vart nytta vidare. Stolpar frå stavkyrkja vart mellom anna nytta i ei løe på Oppheim. Dei er analysert og har dateringar tilbake til 1000-1100-talet. Stavkyrkja er fyrst nemnt i eit dokument frå 1298evt., men analyse gjort av kyrkjeportalen, stolpar og altertavla syner at den truleg vart reist tidleg på 1200-talet. Portalen og ein antemensale er i dag utstilt på Historisk museum i Bergen. Dei er prakteksemplar på handtverkstradisjonar frå mellomalderen. Då kongen overtok all kyrkjeleg makt og ved lov påbaud frammøte i kyrkja vart stavkyrkja etter kvart for lita. Sjølv om kyrkja vart vølt, vart den med tida erklært falleferdig og vart til slutt rive kring 1710.

«Kloster» på Sponheim

I brevdokument er det skildra eit kloster på Sponheim frå mellomalder. Det er likevel ikkje andre bevis som bekreftar at det har vore eit kloster der. Om bygningen ikkje var eit kloster er det høveleg å tolke den som noko anna av stor verdi. Bygget har hatt dør- og vindaugeformasjonar i kostbar kleberstein. Truleg er kleberstein-spora restar etter ein kjellar på ei stove for bonde og kongsmann på Sponheim. Eit område som i så tilfelle har spelt ei viktig rolle i styrking av kongemakta i Noreg. Det budde ei stormannsætt med riddarar her på 12-1300-talet. Bygget skal vere det same som er omtala som kloster, og har truleg hatt same stormannstil som lagmannstova på Aga. I dag er det ingenting som står att.

Krosskyrkja og kyrkjegarden på nedre Hakestad

Då stavkyrkja vart riven vart det sett opp ei ny kyrkje på same stad (ID: 162327-3). Kyrkja var ein tømmerbygning med krossform og tårn, og stod ferdig 1711. I likskap med stavkyrkja kravde krosskyrkja vedlikehald, men i motsetnad til stavkyrkja stod berre krosskyrkja i 148 år før den måtte rivast. Kyrkjegarden som hadde vore nytta sidan mellomalderen vart også jamna ut, men nokre få minnekross vart flytta og fekk stå. I dag er det berre desse spora som er att på staden. Området er inngjerda med portstolpane frå gamle prestebustaden. Det er heldt ved like og er godt synleg, men skilt treng oppgraderast.

Ulvik kyrkje og kyrkjegardar

Då krosskyrkja på nedre Hakestad vart fjerna vart kyrkjestaden flytta om lag 800m til Brakanes der Tysso munnar ut i Ulvikafjorden. Ulvik krosskyrkje (ID 85723-3), i dag Ulvik kyrkje, er ein tømmerbygning med krossforma grunnplan. Kyrkja vart vigsla i 1859, men dekorasjon har blitt tilførd og endra på i ettertid. Døypefonten av kleberstein og ei av dei tre kyrjeklokkene er frå mellomalder-kyrkja. Utover dette har kyrkja også mykje anna interiør frå 16-1700-talet. Krosskyrkja har om lag 500 sitjeplassar, er listeført og er ei verneverdig kyrkje. Kyrkja er omgitt av ein kyrkjegard, men då denne vart for liten vart det oppretta ein ny nokre hundre meter oppi åsen, på Rossvoll. Begge er godt vedlikehalde.

Ulvik prestegard

Bustadhuset på prestegarden ved nedre Hakestad (SEFRAK: 1233-0107-280) har namnet prestebustaden og er frå fyrste kvartal av 1900-talet. Ein del av huset og ei helle ved ytterdøra er frå ein tidlegare prestebustad på staden. Den tidlegare bustaden vart vel 200 år gamal. Bustaden ligg vakkert til med storslagen utsikt.

LAUSE KULTURMINNE



Foto 8: Brygging på Viknes. Fotograf: Aamund Hjeltnes

Bautasteinar frå Il-området

Ved Il-flaten i Ulvik sentrum vart det mot slutten av 1800-talet avdekka 4-6 bautasteinar. Steinane høyrde til eit tidlegare strandgravfelt frå eldre jernalder. Dei er tause vitne om eit samfunn som var i vekst, der Sponheim, Ulvik og Hardanger kom nærmare verda. Universitetsmuseet i Bergen skal vurdere steinane som ikkje lenger står oppført, men ligg lagra hjå heradet. Er dei i god stand, kan det vere aktuelt å setje dei opp ved Ulvik omsorgstun.

Fallos stein

Einaste kjente fallos frå heradet. Funnen i Kvammen utanfor Vallavik ca. 1990 datert til før vår tidsrekning. Den står i dag utstilt på Handelsslaget.

Køllemåleri

Catharine Hermine Kølle (1788-1859) var fyrste kvinnelege fotturist og kunstnar i Noreg. Ho vart fødd på Snarøya, men flytta til Ulvik med søstrene og faren, og budde der livet ut frå ho var 19 år. I ei mannsdominert tid var ho ei barrierebrytande kvinne som saman med systrene sine samla bygda sine fremste kvinner og menn til diskusjon i det einaste dokumenterte parlamentet i Noreg, Ulviksparlamentet. Både Catharina og Helene Kølle har måla akvarellar og teikna kunstbilete av Ulvik så vel som utland. Eit utval bilete er i heradet si eige.

Mindelheimsverdet

Lekvesverdet er av typen Mindelheim, mest truleg laga innanfor kulturkrinsen kalla Hallstattkulturen i Sentral-Europa. I Norden kjenner ein 9 slike sverd. I to av desse tilfella, Hassle i Sverige og Holbæk Slots Ladegård i Danmark, er slike sverd funne saman med andre typar gjenstandar. Desse avslører at sverda høyrer heime i den siste perioden av nordisk bronsealder (periode VI), tidfest til 700-500 f.v.t. Mindelheimsverda vart laga både i bronse og jern – det eine av dei tre svenske sverda er laga av jern (det einaste i Norden).

Sverdet vart funnen av ein yngre Ulviking. Då han omkom overtok mora skatten, og ho ville ikkje gje slepp på det då bisp Neuman vitja Ulvik og ynskte få sverdet med seg. Det var det einaste minnet ho hadde etter guten sin.

Originalsverdet er hjå Bergen Museum. Kopi av sverdet med handtak i valnøtt-tre er laga av arkeolog Ørjan Engedal. Engedal fortel at Hallstattsverd er eit samleomgrep for sverd av typane Gündlingen og Mindelheim. Lekvesverdet er det einaste Mindelheimsverdet i Noreg. I tillegg finst ei gruppe med nordiskproduserte klinger inspirerte av Hallstattsverda. I Noreg finst to slike sverd, eit frå Østre Skjøl i Vestfold og eit frå Våg i Nordland.

Nesheimsskatten

Nesheimsskatten er namnet på ei dokumentsamling frå Nesheim. Dokumenta omfatta brev, utskiftingar, rettsrapportar med meir frå 1540 og utover. Samlinga vart overlevert til Statsarkivet i Bergen med lovnad om å få det publisert i eit eige, digitalt arkiv. Publiseringa har enno ikkje skjedd.

SPOR ETTER SAMISKE KULTURMINNE



Foto 9: Sperrefelt ved Skrulsvatnet. Fotograf: Knut S. Andersen, Riksantikvaren

Det har vore samar i Ulvikområdet i forbindelse med gjete og opplæring av tamreinsdrift. Kristoffer Sjurson Hjeltnes starta med tamreindrift 1780 og er truleg den fyrste som starta med dette i heradet. Han fekk hjelp av samar frå Finnmarken (Røros).² Drifta i heradet har hatt opp- og nedturar sidan då, og forsvann heilt på 1970-talet. Det er truleg villrein som tok tamreinsflokken med seg, som er hovudårsak til endinga på tamrein i heradet. Det står att fysiske spor etter Kristoffer S. Hjeltnes si samiske tamreindrift ved Skrulsvatnet. I tillegg er det to hytter i høgfjellsområdet som skal ha vore nytta av samiske gjetarar, samt ein samisk skistav frå privateige i heradet. Skistaven er utstilt på Skimuseet i Oslo. Heradet har ikkje hatt høve til å registrere desse kulturminna i denne omgang, men dei nemnte kulturminna er alle over 100 år, og er freda etter kulturminnelova³.

Hakestad-staven

I Noreg har ski blitt nytta i fleire tusen år. Fram til slutten av 1800-talet var det vanleg med ein skistav. Den skulle vere lang og solid. Somme stavar hadde også andre funksjonar. Samiske stavar hadde ei spadeliknande form øvst, som vart nytta til å finne fram til beite for reinsdyra under snøen. Postfører Erling Hakestad frå Ulvik

² Kolltveit, K. S. Hjeltnes, 41-46.

³ Kulturminnelova, §4, 1978.

har hatt ein slik stav 1872-1922 med inskripsjon «E.H.» på. Staven er 185cm lang, er laga i ask og spaden i bjørk. Han nytta den mellom anna til å finne fram til rypesnarer. Staven er i dag oppbevart på Skimuseet i Holmenkollen.

Lordehyttene i høgfjellsområdet

Lordene Garvagh bygde 11-12 jakthytter i Skarvheimen. Av desse er det Lordehytta i Floarskardet og i Lengjedalen som står att i høgfjellsområdet i Ulvik. Hyttene vart nytta til jakt av reinsdyr, og kjelder fortel at også samar nytta desse under tamreindrift. Hyttene vart bygde i 1870-80. I dag er dei restaurert og nyttast til kortare opphald og overnatting.

Sperrefelt, Skrulsvatnet

Ved Skrulsvatnet står det att restar av ei hegn, eit steingjerde med sider på 18m*20m*. Gjerdet har vore nytta som sperrefelt til tamreindrifta, og er over 200 år gamal. Hegna er del av eit seter. Berre steinmurar står att. Etter lov om samiske kulturminne er sperrefeltet freda. I dag er Skrulsvatnet regulert. Hegna står i fare for å bli øydelagt. Registrering er under arbeid. Formidling om samisk aktivitet i området og høgfjellet elles manglar og er svært aktuell.⁴

⁴ Kulturminnesok.no, «Ljoneskrulen-Reinseter (Hegno).» Lese 15.05.2019

VEGNETT



Foto 10: Sideslep Nordmannslepa i Osa. Fotograf: Ivar Osa

Fjellet har vore ein viktig ressurs i lange tider. Heradet har bognar av buførevegar, ferdsselsvegar, samt nokre postvegar og sidesleper. Alle vegfar som står heilt, eller delvis att, er viktige kulturminne. Vegfara under er nemnt som eit utval for å representere historia i heradet.

Fylkesveg 572

Fylkesveg 572 strekk seg frå Holven i Granvin, over høgda mellom Granvin og Ulvik, ned gjennom Ulvik sentrum og ut til rundkøyringa i Vallaviktunnelen. Den var riksveg fram til 2010 og endepunktet vart endra frå Bruravik til rundkøyringa i Vallaviktunnelen då Hardangerbrua opna i 2013. Vegen passerer Stokkavatnet, Verafossen, dei store murane i Bergaberget og kvelvbruene: Stokkavassbrui (1897), Verafossbrui (1897) og øvre Tysso bru (1896). Ei kvelvbru er konstruert med ei kvelving og består av steinar som ved hjelp av tyngdekraft vert pressa mot kvarandre i kvelvinga. Det så steinane vert låst i eit spenn. Bruene er i god stand. Vegen er asfaltert, men kan vere noko utfordrande over høgda ved telehiv.

Hallanger – Granvin

Vegfaret mellom Hallanger og Granvin vart etablert og nytta i folkevandringstida, og arealet rundt har vore mykje nytta til ferdsel. Frå Hallanger går det ein gamal buføreveg til Granvin som passerer Dalsete og Stokksel. Vegen er intakt.

Høgfjellsvegen

Frå Lekve går det ein gamal stølsveg til stølane i nordfjella. Vegen starta der driftene på Torblå, Øydvin, Håheim, Kvåle og Aosen møttes. Vidare gjekk den om Tunheim, Solhovden, Gaorhovden, Solsæ, Skor, Hydnaskard, Gummahaugen, Brauaone, Slondal, Dalen og evt. Langvasstølen eller Uppsete. Vegen har hatt stor trafikk i mange hundre år. Slondal er nemnt i kjelder frå 1300-talet, og det er naturleg at denne vegen, i alle fall delar av den, vart nytta då. Kring 1865 veit ein at omlag 270 storfe og 1250 småfe brukte heile, eller delar av vegen to gongar i året. I dag er vegen framleis i hevd, men har somme utfordrande parti. Den er berre merkt med vardar og ikkje turistsymbol eller skilt.

Messekleiv – Vangen

Automatisk freda steinsett veg, sjoarveg, frå før reformatorisk tid (ID: 109012-1). Strekk seg frå Hallanger, passerar eit gravfelt på Messekleiv og endar ved sjøen på Vangen. Vegen er intakt frå Hallanger og halvveges ned. Ein reknar med at vegen har vore i bruk sidan mellomalderen. Ved vegafaret står det oppført ein stor steinstol. Stolen er truleg flytta dit, og har vore nytta uner brureferd på vegen i generasjonar. Derav namnet brurastol.

Prosjekt Nordmannslepene, slep Osa – Hallingskeid

Automatisk freda vegfar som strekk seg frå Osa til Hallingskeid (ID: 108366-1). Ferdselsvegen var handels- og buføreveg, eit sideslep til Nordmannslepa og er datert til førreformatorisk tid. Vegfaret går opp Norddalen, forbi Ossete og vidare opp det bratte fjellpartiet til marknadsplassen frå førreformatorisk tid på Hallingskeid. Ved Ossete møter den sideslepet Ulvik-Oksabotnen. Restaurering og vedlikehald av vegområdet Norddalen-Ossete, samt formidling av sideslepet er godt i gang.

Prosjekt Nordmannslepene, slep Ulvik – Oksabotnen

Automatisk freda vegfar som strekk seg frå Ulvik til Oksabotnen (ID: 108369-1). Ferdselsvegen er ein stølsveg, eit sideslep til Nordmannslepa og er datert til førreformatorisk tid. Vegfaret går opphavelg frå fjorden, opp Sysegjelet, forbi Jonsstøl, Vassdalane, Sygnaskori, Osaskrulen og Osarevene. Her møter den sideslepet Osa-Hallingskeid ved Ossete. Sideslepet treng restaurering på den bratte strekka mellom Vassdalane-Ossete. Formidling av sideslepet er i gang.

Syse – slepe og stølsveg, del av Nordmannslepa mellom Syse og Jonstøl

Automatisk freda vegfar som er del av sideslepet mellom Ulvik og Jonstøl (ID: 247178-0). Ferdselsvegen er ein stølsveg, eit sideslep til Nordmannslepa og er datert til førreformatorisk tid. Opphavelg strekk sideslepa seg frå fjorden, opp Sysegili, forbi Sæberg og til Jonstøl. Vegfaret består av oppmuringar og steintrepper. Vidare frå Jonstøl Området frå Lekve og ned mot sjøen er ikkje freda då store delar er påverka av moderne drift/ bruk. Det er likevel ikkje tvil om at vegfaret har starta her. Restaurering og vedlikehald av vegområdet Sæberg-Jonstøl, samt formidling av sideslepet er i gang.

Ulvik – øvre Raundalen

